

Til Styret i Norges Bondelag

Byrkjelo, 14.04-21

Sak til årsmøtet i Norges Bondelag 2021: Grunnlagsdata i jordbruksoppgjøret og resultatmålet vederlag til arbeid og egenkapital

Styret i Vestland Bondelag ynskjer at det blir ei eiga sak i årsmøtet kring temaet «grunnlagstala i jordbruksoppgjøret» og «resultatmålet vederlag til arbeid og egenkapital».

Vi veit at fleire andre fylkeslag har spelt inn same tema, og vi håpar det blir lagt til rette for ein debatt kring denne saka. Det har vore store diskusjonar i deler av medlemsmassen og det er viktig at denne viktige debatten blir løfta inn i årsmøtesalen. Dersom Bondelaget ynskjer å gjere endringar i resultatmålet «vederlag til arbeid og egenkapital» trengst det ei langsiktig jobbing som det er viktig at heile årsmøtet i Norges Bondelag står bak.

Vi ynskjer at følgjande blir løfta til debatt:

1. Norges Bondelag må krevje at budsjettnemnda legg fram tal som viser faktiske kostnader og lønsevne for jordbruket. Framlagt talgrunnlag må synleggjere:
 - a. Kostnader for alle drifts-greiner medrekna jord- og kvoteleige.
 - b. Del av resultatmålet «vederlag til arbeid og egenkapital» som går til egenkapitalavkastning, føresett at jordbruket brukar same avkastningskrav som anna næringsliv.
2. Framkome talmateriale, dersom det er semje om det, vert spesifisert og innarbeidd i totalalkyle for jordbruket som dannar grunnlag for framtidige jordbruksforhandlingar. Satsen for avkastning på egenkapital justerast årleg av budsjettnemnda for jordbruket.
3. Vi ynskjer ei synleggjering av konsekvensane ved ei eventuell endring av resultatmålet «vederlag til arbeid og egenkapital».
 - Kan det vere negative konsekvensar for landbruket på sikt å splitte dette som to sjølvstendige resultatmål?
 - Vil vi kunne svekke årsverks-tankegangen som ligg til grunn, ved å innføre «vederlag til egenkapital»?Ei slik utgreiing av konsekvensar/mogelegheiter ved eit endra resultatmål må ligge til grunn for debatten i årsmøtet.

*Helsing Styret i Vestland Bondelag
v/ Anders Felde*